



Skjåk kommune

Medlemmar og varamedlemmar

Vår ref
2015/940/31/033

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Andrea Brennhaug

Dato
22.11.2016

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat fra møte i Brukarrådet den 18. november 2016

Møtetid: 09:00 – 11:00

Møtestad: Bispen

Sakliste:
Sak nr. 42/16: Godkjenning av innkalling/sakliste/referat.
Sak nr. 43/16: Hjelpemidler – Karin Aune Ulen orienterte.
Sak nr. 44/16: Samanslåing av Eldreråd og Brukarråd. Ordfører var invitert.
Sak nr. 45/16: Bygging av HFF-bustadar/avlastningsplassar – førebels rammevedtak.

Sak 42/16

Ingen hadde merknad til innkalling/sakliste og referat.

- Reidun orienterte om at ho hadde snakka med Gunvor Hesla om at tilbod i svømmebassenget ikkje er tilbod heile året. Gunvor Hesla opplyste at det var på grunn av manglande ressursar hjå fysioterapeutane.

Sak 43/16

Hjelpemidler.

Karin Aune Ulen møtte og orienterte Brukarrådet om rutineane for administrering av hjelpemidler.

Karin og ergoterapeut samarbeider om å administrere hjelpemidla.

Ho innrømmer svikt i rutineane når det gjeld reparasjon.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Fylgjande vart nemnt:

Vaktmester hjelp til med reparasjonar, elles så blir hjelpemidla sendt til Gjøvik. Det er ikkje knytt ressurs til hjelpemidlar hjå vaktmeistrane, så det kan ta lang tid før reparasjonane blir gjort.

Det har heller ikkje vore særleg stor interesse hos vaktmeistrane når det har vore invitert til kurs – det trengst ein del kompetanse for å utføre reparasjonane.

Det vart og nemnt at dei andre kommunane i Norddalen har ein ressurs knytt til hjelpemidlar hos vaktmeistrane.

Brukarrådet meiner at det bør knytast ressursar til hjelpemidlar også hos vaktmeistrane i Skjåk. – Dei bør ha det i stillingsinstruksen sin, eller at ein eller to av vaktmeistrane har det.

Brukarrådet ynskjer å invitere Ove John Plassen til neste møte for å prate om rutinane her. Det tek mykje lengre tid, og det kostar meir pengar å sende hjelpemidla til Gjøvik.

Sak nr. 44/16

Samanslåing av Brukarråd og eldreråd.

Ordføraren var invitert til møtet for å diskutere saka. Han sa at han var usikker i avgjera enda, men at han tok imot innspela som Brukarrådet hadde.

Brukarrådet var opptekne av å få veta kvifor administrasjonen vil slå råda i saman. Det var snakka om fleire ting som kunne vera grunnen, men Brukarrådet var veldig klare på at dei ikkje ser nokon god grunn til å gjera dette.

Brukarrådet slo fast at dei kjem til å klage på vedtaket dersom råda blir slege isaman.

Sak nr. 45/16

HFF bustadar

Brukarrådet held fast på dei merknadane som Monica Wegner fekk fullmakt til å gje på vegne av Brukarrådet.

Eventuelt:

Innspel frå Karin Aune Ulen.

Etter at Karin var ferdig med orienteringa si i sak 43/16 kom ho med fylgjande innspel til Brukarrådet. Dei lova å ta dette vidare til teknisk etat v/Ove John Plassen.

Det skulle vore gatelys ved omsorgsbustadane og ved hovedinngangen på Skjåkheimen – det er svært mørkt der.

Vanskelig med utgang frå omsorgsleilegheit - frå stue til veranda – og veranda til bakkeplan.

Brannør mellom kontor og omsorgsdelen på Skjåkheimen har for høg terskel, vanskeleg å koma over for dei eldre.

Brukarrådet lova å ta dette vidare til teknisk sjef v/Ove John Plassen.

Kopi til:
Svein Holen
Elias Sperstad
Hilde Reitan

